

Kandidatnummer (navn):

2404

FRAMSIDE

ved svar på heimeeksamen, semesteroppgåve, rapport, essay osv.

Emnekode:	H1-116
Emnenamn:	KONFLIKT OG FRED - HISTORISKE OG ETISKE
Emneansvarleg (normalt faglærer):	MAY-BRITH OHMAN NIELSEN PERSPEKTIVER
Eventuell rettleiar:	_____ " _____
Innleveringsfrist/ tidspunkt:	06.06.2008
Sidetal inkl. framside	13
Merknader:	

Eg/vi stadfester at eg/vi ikkje siterer eller på annan måte nyttar andre sine arbeid utan at dette er oppgjeve, og at alle referansar er oppgjevne i litteraturlista.	Ja <input checked="" type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------	------------------------------

Kopiering av andres tekster eller annan bruk av andres arbeid utan å vise til kjelde, kan bli sett på som fusk.

Gjeld berre gruppeeksamen:		
Vi stadfester at alle i gruppa har delteke i arbeidet med eksamenssvaret.	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

Kan eksamenssvaret nyttast til undervisningsføremål?	Ja <input checked="" type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
------------------------------------------------------	----------------------------------------	------------------------------

DØDSSTRAFFEN I RETTSOPPGJERET I NORGE ETTER 1945

Oppgave C2:

”Dødsstraffen. Diskuter etiske perspektiver på dødsstraff i forhold til gjeninnføringen av dødsstraffen i Norge som ledd i rettsoppgjøret etter 1945”

Rettsoppgjøret i Norge etter 1945 er eit mykje omdiskutert rettsoppgjer kor blant anna dødsstraff blei nytta. I denne oppgåva skal eg sjå nærare på gjeninnføringa av dødsstraff i samheng med rettsoppgjøret og eg skal drøfte ulike etiske perspektiv på denne gjeninnføringa. Først skal eg sjå på den historiske bakgrunnen til dødsstraffa i Norge. Når blei dødsstraffa i fredstid første gong avskaffa i Norge og kva var bakgrunnen for denne avgjeringa? Deretter vil eg sjå på gjeninnføringa av dødsstraff i fredstid. Vidare vil eg rette fokuset mot dei perspektiva som råda i diskusjonen om dødsstraffa i og etter okkupasjonstida. Til slutt vil eg sjå på ulike etiske perspektiv i forhold til gjeninnføringa av dødsstraffa i rettsoppgjøret.

Eit rettsoppgjer etter ei hending som okkupasjonen av Norge kan nyttast som eit symbol på at staten tek eit oppgjær med hendingane som har funne stad. Hendingane har vore uakseptable i ein etisk rettsstat og staten vil dermed ta avstand frå dette ved å utføre eit rettsoppgjer. Først og fremst er formålet med eit rettsoppgjer å straffe landssvikarane og lovbrytarane. I tillegg er også eit anna svært viktig formål å gjenreise den politiske makta ved å gi legitimitet til regjeringas suverene makt.¹

Rettsoppgjøret etter den tyske okkupasjonen av Norge blir av Stein Ugelvik Larsen i Norsk krigsleksikon 1940-45 definert som ”oppgjøret med alle som på en eller annen måte samarbeidet med fienden (tyskerne) under krigen, begynte 9.5. 1945 ved fengsling/internerings av mistenkte personer etter personlister som hjemmefronten og de norske myndigheter i Sverige og England hadde satt opp.”² Under dette rettsoppgjøret blei altså dødsstraff tatt i bruk blant straffemetodane. Ein kan definere dødsstraff som ein ”straff som består i henrettelse”.³ I Norge tok ein i bruk skyting etter 1944 som avrettingsmetode med argumentet for at dette var den mest humane

¹ <http://www.media.uio.no/forskning/prosjekter/1945/prosjekter/brandal.shtml>, Dato: 28/4-2008

² <http://www.norgeslexi.com/krigslex/r/r2.html#rettsoppgjoret>, Dato: 28/4-2008 / Hans Fredrik Dahl og Eirin Hagen, Norsk krigsleksikon 1940-45, Cappelen, Oslo 1995

³ Kunnskapsforlaget, H.Aschehoug & Co (W.Nygaard) A/S og A/S Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, 3. utgave, bind 4, s. 271

avrettingsmetoden.⁴ I alt vart 30 nordmenn og 15 tyskarar⁵ dømde til døden. Av desse dommane blei til saman 37 fullbyrda kor 25 nordmenn og 12 tyskarar vart avretta.⁶

Dødsstraffa i Norge i eit historisk perspektiv

Historisk bakgrunn for dødsstraffa

I Norge blei dødsstraff første gong avskaffa 22. mai 1902. Dette var eit resultat av ein lang prosess kor den norske straffelovgjevinga blei reformert og ein innførte ein ny straffelov. Reformeringa og endringane av den norske straffelovgjevinga starta i 1868 då Johan Sverdrup på vegne av statsrevisor Chr. Johnsen foreslo avskaffing av dødsstraffa. Bakgrunnen for at dødsstraffa byrja å bli omdiskutert i det norske samfunnet var blant anna framveksten av kriminologien som vitenskap i Europa. Kriminologien fokuserte nemleg meir på årsakene til kriminalitet framfor sjølve handlingane.⁷

Grunngjevingane til Sverdrup og Johnsen for å avskaffe dødsstraffa var humanistiske synspunkt, sikkerheita i samfunnet og sikkerheita til den einskilde og ikkje minst faren for justismord. Etter at forslaget til Sverdrup og Johnsen blei framlagt utførte justiskomiteen ein innstilling i 1872. Det blei då laga eit framlegg kor ein ønska å innskrenke bruken av dødsstraff til berre å vera straff ved overlagt drap. Ved andre kriminelle handlingar som tidlegare blei straffa med dødsstraff ville ein no heller nytte livstidsarbeid som straff. Komiteen ville altså ikkje fjerne dødsstraffa heilt og grunngav dette med unionen med Sverige og at ein måtte ha same straff i baae landa for å hindre at folks rettsoppfatning blei forstyrra. Denne lova gjaldt frå 1876 til 1902 kor berre 5 personar blei dømt til døden men alle blei benåda med livstidsarbeid. Arbeidet med reformeringa av straffelovgivinga heldt fram. I 1885 oppnemnte Sverdrup-regjeringa to straffertslege reformkomitear. Ein såg ein ny strafferettsleg diskurs i den norske strafferettstenkinga kor oppdragsoptimisme regjerte. Ein hadde trua på at forbrytarar kunne endre seg, altså at det var mogleg å "oppdra" dei kriminelle, ved hjelp av kyndig vitenskapleg vegleiing. I 1896 la den

⁴ Lars Erik Vaale, *Dommen til døden, Dødsstraffen i Norge 1945-50*, Pax Forlag A/S, Oslo 2004, s. 43

⁵ Vaale, 2004, s. 170

⁶ <http://www.norgeslexi.com/krigslex/d/d3.html#dodsstraff>, Dato: 28/4-2008

⁷ Vaale, 2004, s. 13-16

borgarlege straffelovskommisjonen fram sine lovforslag. Her blei avskaffing av dødsstraff diskutert og også mogleg bruk av dødsstraff under krigstid. Det endelege utfallet av reformeringa av den norske straffelovgivinga, med tanke på dødsstraffa, blei vedtaket frå Odelstinget 8.april 1902 om avskaffing av dødsstraff i fredstid. Lov om dødsstraff i krigstid blei derimot ikkje fjerna på grunn av ein meinte denne lova bidrog til avskrekkingseffekt og at den i tillegg var med på å bevare samfunnets sikkerheit.⁸

Gjeninnføringa av dødsstraff i Norge

I april 1940 blei Norge okkupert av Tyskland. Dette blei bakgrunnen for ei gjeninnføring av dødsstraff i fredstid i Norge. Regjeringa Nygaardsvold og Kongen flykta til Storbritannia og fungerte som ei eksilregjering frå London med nødretten som legalt grunnlag for si verksemd.⁹ Tidleg i okkupasjonstida byrja mange i Norge å bli opptekne av kva straff landssvikarane skulle få etter krigen. Dette var ikkje berre med tanke på hemn, men kanskje først og fremst for å avskrekke folk frå å delta i landsförræderi. Lovgjevinga innanfor desse områda gav regjeringa liten moglegheit til å nytte dødsstraff i eit eventuelt rettsoppgjer etter krigen. Likevel sendte ein ut truslar i radiosendingane frå London om at dødsstraff ville bli reaksjonen på landsförræderi i eit rettsoppgjer. For å gje desse truslane rot i røynda og dermed også gje truslane effekt meinte mange at ein burde endre lova slik at ein kunne nytte dødsstraff også i fredstid og dermed i eit rettsoppgjer etter krigen. Keilhau som var krigsadvokat i London var ein av dei som meinte dette og la fram eit lovforslag til regjeringa om ein revisjon av förræderibestemmingane av 1902.¹⁰

I tillegg til argumentet om avskrekking viste også Keilhau til samfunnets sikkerheit. Advokaten meinte at politiske forbytarar som berre fekk fengselsstraff kunne bli ein trussel mot sikkerheita i samfunnet ved ønske om hemn etter enda soning i fengsel. På bakgrunn av Keilhau sitt lovforslag oppnemnde Justisdepartementet ein straffelovskomitee i 1941. Denne komiteen skulle vurdere om straffelova sine paragrafar som omhandlar förræderi var tilstrekkelege.¹¹ Komiteen kom fram til at ein skulle innføre dødsstraff også under fredstid sidan ein av politiske årsaker ikkje kunne

⁸ Vaale, 2004, s. 16-24

⁹ Vaale, 2004, s.25-26

¹⁰ Vaale, 2004, s. 27-28

¹¹ Vaale, 2004, s. 28-29

nytte denne straffemetoden i krigstid. Denne endringa og i tillegg fleire lovendringar innanfor strafferammene blei vedteke av regjeringa ved kongeleg resolusjon 3. Oktober 1941.¹² I tillegg gjorde ein etterkvart endringar i når dødsstraff skulle nyttast som straffemetode. Frå januar 1942 skulle dødsstraff ikkje berre vere straff for landsförræderi men også for sedelegheitsbrottsverk , fridomsrøveri og lekamskrenking. Dette for å hindre tysk tortur og angjeveri mot nordmenn. Bakgrunnen for desse lovendringane var dei allierte si felleserklæring: St. James erklæringa av 13. Januar 1942 som hadde som føremål å hindre torturering og angjeveri. Erklæringa understreka at tyske krigsforbrytarar ville bli stilt til ansvar for sine handlingar når krigen var over.¹³

Ulike syn på dødsstraff i Norge i krigs- og etterkrigstida

Synet på dødsstraffa i Norge i krigs - og etterkrigstida endra seg gradvis ettersom tida gjekk. Under sjølv okkupasjonen og i dei aller første etterkrigsåra 1945-1947 var svært mange i Norge for dødsstraff. Dette ser vi ut ifrå spørjeundersøkingar og uttalelsar frå regjeringa og Stortinget i denne perioden. Ein ser ei endring i synet på denne straffemetoden både hjå folket, regjeringa og domstolane utover i perioden. Etterkvart som krigen byrja å kome på avstand, blei motstanden mot dødsstraff sterkare. Mange meinte at det var på tide å gå tilbake til fredstider og vise respekt for menneskelivet.¹⁴ Motstanden mot dødsstraff resulterte i fleire benådingar for dødsdømde og enda med avskaffing av dødsstraff i fredstid 15. desember 1950. Siste avrettinga blei utført i 1948.¹⁵ Landssvikarane og krigsforbrytarane som da var blitt dømd til døden i løpet av denne perioden med dødsstraff under fredstid blei dømd hovudsakleg for grov tortur og medverknad til drap. I tillegg blei nokre få dømd for angjeveri, lands - og høgforræderi eller for å ha arbeida i Sicherheitspolizei (SIPO).¹⁶

Då eksilregjeringa vedtok å føre dødsstraffa inn på ny i Norge i 1941 låg det ei forståing frå regjeringa si side om at den heimlege opinion var for dødsstraff. Regjeringa sjølv meinte at dødsstraff var naudsynt. Dei såg på denne straffemetoden som einaste rettferdige og meinte at gjeninnføring av denne straffemetoden ville gje generalprewantive verknader mot förræderi. Ein ser mellom anna desse haldningane i

¹² Vaale, 2004, s.31-32

¹³ Vaale, 2004, s. 36

¹⁴ Johs Andenæs: *Det vanskelige oppgjøret*, Oslo 1998. S. 204-205

¹⁵ Vaale, 2004, s. 161-162

¹⁶ Vaale, 2004, s.185-205

Justisdepartementet si grunngeving for innføringa av dødsstraff frå 3. oktober 1941:” Alle vil være enig i at disse forbrytelser er av en så særegen karakter, at det vil være fullt berettiget at det blir adgang til også idømme dødsstraff.... Dette er sikkert den rådende oppfatning hos alle lojale borgere i alle lag av folket.”¹⁷ Det er derimot vanskeleg å seie med sikkerheit om ”alle lag av folket” delte dette synet på dødsstraff. Meldingane regjeringa fekk frå Noreg var i hovudsak frå leiinga i motstandskampen i Norge. Likevel stemmer nok desse påstandane frå regjeringa mest sannsynleg godt overeins med røynda på denne tida. Hjø regjeringa og blant anna justiskomiteen var det fyrst og framst rettferdsperspektivet som råda i synet på dødsstraff og i tillegg ”hensynet til forsvar av samfunnsinteresser”.¹⁸

Etter valet hausten 1945 diskuterte ein dødsstraff på Stortinget på nytt. Her stemte berre 6 representantar mot bruk av dødsstraff. I 1946 auka motstanden på Stortinget betydeleg mot bruken av dødsstraff då 13 representantar var i mot.¹⁹ Tilhengjarane for dødsstraff var særleg opptekne av det spesielle ved krigen og at ein difor burde nytte den hardaste straffa som var mogleg. Andre igjen var opptekne av prinsippet om likskap for loven og at ein difor måtte fullføre det rettsoppgjeret ein hadde starta på. Mange av motstandarane på Stortinget derimot fokuserte meir på humanistiske eller kristne grunnverdiar og såg difor på dødsstraffa som feil.²⁰ Stemmen til kvar enkelt stortingsrepresentant var altså basert på eigne personlege verdiar sidan spørsmålet om dødsstraff ikkje var partifesta og dermed ikkje gjekk inn i nokon av partia sine partiprogram. I 1948 var motstanden blitt svært stor på Stortinget. Heile 43 stemmer mot dødsstraff og 62 for. Mange av motstandarane hadde her nyleg godt over til motstandssida sidan dei syntes at det var på tide å gå tilbake til normale fredstilstandar i samfunnet.²¹ I tillegg var hovudargumentet for motstandarane at den generalpreventive verknaden av bruken av dødsstraff ikkje lenger var gjeldande sidan det gjekk så lang tid mellom sjølve brotsverket og straffa.²² Eit motargument mot dette frå nokre av tilhengjarane var derimot at dødsstraffa ville ha ei framtidretta preventiv verknad ved ein eventuell ny krig.²³

¹⁷ Andenæs, 1998, s. 198

¹⁸ Andenæs, 1998, s. 200

¹⁹ Andenæs, 1998, s. 205

²⁰ Hans Fredrik Dahl og Øystein Sørensen (red.): *Et Rettferdig oppgjør? : rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo 2004. s. 56-57

²¹ Andenæs, 1998, s.205

²² Dahl og Sørensen (red.), 2004, s. 60

²³ Andenæs, 1998, s.206

På Stortinget var det særleg Bondepartiet som vi i dag kjenner som Senterpartiet som var sterke motstandarar mot bruken av dødsstraff i rettsoppgjeret. Partimedlem Moseid var ein av dei som markerte seg i kampen mot bruken av dødsstraff. Han meinte at ein heller burde nytte livsvarig fengsel og meinte at det var "hyklersk og fåfengt å tro at en kunne bekjempe nazismen ved å anvende midler som liknet dem folket kjente fra nazistytret i krigsårene"²⁴. I forhold til mange andre parti og stortingsmedlem viste Bondepartiet med Moseid i spissen sterk prinsipiell motstand mot dødsstraffa heilt frå byrjinga av.²⁵

Det var ikkje berre på Stortinget at det blei ei gradvis endring i synet på dødsstraff. Opinionen gav uttrykk for mykje av dei same holdningsendringane som ein fann på Stortinget under denne perioden. Det blei gjort ei rekke spørjeundersøkingar som viser desse tendensane. I 1946 var 59% av dei spurde for dødsstraff, 35 % var mot og 6% visste ikkje om dei var for eller mot.²⁶ Det er vanskeleg å seie kva argument tilhengjarane i opinionen hadde for å ville bruke dødsstraff. Truleg var svært mange prega av situasjonen som råda og mange kan ha hatt hemn som grunngeving for å ville nytte denne straffemetoden. Det var også i dette tidsrommet få ,såkalla, intellektuelle som skreiv innlegg i avisene og argumenterte mot dødsstraff. Etterkvart kom fleire på banen med kvasse innlegg i avisene.²⁷ Det var særleg einskildpersonar som merka seg ut i motstanden mot dødsstraffa. Tidlig på bana var blant anna overlege Scharffenberg. Han vende seg blant anna til eksilregjeringa i eit brev kor han uttrykte misnøye over den utstrakte bruken av truslar om dødsstraff i deira propaganda og meinte at det var ingen grunn til å endre lovverket.²⁸ I kyrkja var synet på dødsstraff delt og ein gav her uttrykk for at det var eit "personlig samvittighetsspørsmål".²⁹ Hjå kvekarane derimot var motstanden stor mot dødsstraff og dette synet hadde bakgrunn i grunnleggjande verdiar i deira livssyn. Dei meinte at dødsstraffa krenka respekten for menneskeliv og rettane til mennesket.³⁰

Ulike etiske perspektiv på dødsstraff

²⁴ May-Brith Ohman Nielsen, Bondekamp om markedsrett, Senterpartiets historie 1920-1959, Det Norske Samlaget, Oslo 2001, s. 308

²⁵ Ohman Nielsen, 2001. s. 307-310

²⁶ Vaale, 2004, s.92 og 114

²⁷ Vaale, 2004 s.114

²⁸ Vaale, 2004, s.37

²⁹ Vaale, 2004, s.54

³⁰ Vaale, 2004, s.56

Vi har sett at det var mange ulike meiningar i det norske samfunnet på om der var rett eller gale å gjeninnføre dødsstraffa i forbindelse med rettsoppgjret . Vi har vidare også sett at hovudargumenta for å nytte dødsstraff var særleg avskrekking og rettferd, medan argumenta mot å nytte denne straffemetoden hadde bakgrunn i humanistiske og religiøse verdiar. Alle desse argumenta har bakgrunn i ulike etiske perspektiv som ein også finn i filosofien. I rettsfilosofien er det eit skilje mellom to typar etiske perspektiv på straff; nytteperspektivet og gjengjeldingsperspektivet.³¹ Eg vel her å sjå nærmare på nettopp desse to perspektiva sidan rettsfilosofien omhandlar etikk som avgjer kva lover som blir danna i eit samfunn.³² Dette er dermed særleg sentralt med tanke på gjeninnføringa av dødsstraffa i rettsoppgjret sidan det her dreia seg om ei lovendring i den norske lov. I tillegg vil eg sjå nærare på alternative etiske perspektiv som ein fann i debatten om rettsoppgjret som ein ikkje finn i rettsfilosofien.

Nytteperspektivet

Som vi har sett ovanfor var det mange i både eksilregjeringa og på Stortinget, og folk elles i samfunnet som argumenterte for dødsstraff frå eit nytteperspektiv. Ein meinte at ein drog nytte av å gjeninnføre dødsstraffa ved at dette ville avskrekke folk frå å utføre ulovlege handlingar. I dette etiske perspektivet blir straffa rettferdiggjort ved at ein skapar balanse mellom lukke og ulukke. Ved å nytte denne straffa meiner ein altså at balansen mellom lukke og ulukke blir gjenoppretta ved at ein hindrar den kriminelle i å utføre ein liknande handling på nytt og i tillegg avskrekker andre frå å utføre same handling. Dette perspektivet har møtt kritikk ved at det er vanskeleg å bevise at andre formar for straff ikkje ville skape same balansen. Dette er eit viktig motargument sidan sjølve grunnprinsippet i nytteperspektivet er balansen mellom lukke og ulukke. Kritkarane argumenterer då mot perspektivet ved å vise til at det er mogleg at for eksempel ei livstidstraff ville skape betre balanse enn kva ei dødsstraff vil gjere.³³

Eit anna problem ved nytteperspektivet på dødsstraff er at for at dødsstraffa skal rettferdiggjera må ein kome med bevis for at avskrekkinga fungerer, og at dermed dødsstraffa fungerer betre til dette formål enn andre straffemetodar. Ein må då skaffe empiriske vitenskaplege bevis i form av ei samanlikning av to identiske samfunn. Den

³¹<http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

³² <http://wordnet.princeton.edu/perl/webwn?s=legal%20philosophy>, Dato- 30/4-08

³³ <http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

einaste skilnaden mellom samfunna i denne samanlikninga må då vere om samfunna har dødsstraff eller ei.³⁴

Gjengjeldelsesperspektivet

Vi såg også ovanfor at mange i det norske samfunnet hadde rettferd som argument for å innføre dødsstraffa i rettsoppgeret. Ein ville at den kriminelle skulle gjengjelde for den handlinga han hadde utført. Dette argumentet stammar då frå gjengjeldingsperspektivet. Dette perspektivet går ut på at ein meiner at det mest rettferdige er at den kriminelle får straff og at forbrytaren bør få ein straff lik den skaden han har påført. For å bestemme kva straff som er lik den skaden forbrytaren har påført deler ein mellom to typar av gjengjeldingsstraff. Den første type straff er *lex talionis*. *Lex talionis* er kanskje betre kjent som "øye for øye, tann for tann". Den kriminelle må få påført identisk same skade som han har påført sine offer. I dette synet er difor dødsstraff for drap rettferdiggjort. Den andre typen straff innanfor gjengjeldingsperspektivet er *lex salica*. Her skal forbrytaren få straff, men det treng ikkje være identisk med det vonde han har påført sine offer. Ein kan kompensere ved å for eksempel bøteleggje eller fengsle forbrytaren. Likevel er det viktig også i denne typen straff at straffa skal påføre forbrytaren like stor smerte som han har påført sine offer.³⁵

La oss så sjå på kva type straff dødsstraffa i rettsoppgeret i Norge var i følge gjengjeldingsperspektivet. Dei som fekk dødsdommen i Norge i rettsoppgeret hadde som vi tidlegare har sett medverka til drap, drive grov torturering, vore angjevarar eller arbeida i SIPO. Ut i frå dette vil eg vurdere dødsstraffa forbrytarane fekk som meir *lex salica* gjengjeldingsstraff enn *lex talionis* gjengjeldingsstraff. Ingen av dei dødsdømde hadde nemleg drepe, men "berre" vore medverknad til drap. Likevel kan ein kanskje her drøfte om medverknad til eit eller fleire drap er så og seie det same som drap og at dei som blei dødsdømt for medverknad til drap difor fekk ein *lex talionis* gjengjeldingsstraff. Dei dødsdømde som blei dømd for andre forbrytingar enn medverknad til drap kan vi derimot med sikkerheit seie ikkje fekk ein straff identisk med den forbrytinga dei hadde utført. Kan vi då seie at straffa dei fekk var meir innanfor *lex salica* gjengjeldingsstraff? Dette er eit vanskeleg spørsmål sidan *lex salica* straff skal kompensere for den forbrytinga dei kriminelle har utført, og som

³⁴ <http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

³⁵ <http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

tidlegare nemnd skal straffa påføre forbytarene like stor smerte som han har påført sine ofre. Dilemmaet her ligg i om dødsstraff var ei strengare straff enn den handlinga forbrytarane hadde utført. Her må det så diskuterast om dødsstraff er ei strengare straff enn andre typar straffemetodar. Dette er eit individuelt spørsmål. Nokre vil kanskje seie at livstid i fengsel eller livsvarig straffearbeid er strengare straffer enn dødsstraff. Dette er relativt og vil altså variere frå forbrytar til forbrytar. Nokre føretrekker kanskje heller å dø enn å sitje resten av livet innelåst i eit fengsel. Det kan også her diskuterast om ein gjennom dødsstraff heller gav dei pårørande til forbrytarane straffa enn forbrytarane sjølve.

Eit av hovudproblema ved dette perspektivet er viss ein går ut ifrå at gjengjelding ikkje er fundamental, slik som mange vil rettferdiggjere gjengjelding. Viss ein vidare går ut ifrå at gjengjelding har røter i psykologiske kjensler som hemn kan ein spørje seg om ikkje dette då er ein impuls som det bør leggjast dempar på. Denne tankegangen er då i tråd med prinsippet om at ein legg dempar på andre psykologiske kjensler som grådighet, lyst og så vidare.³⁶

Immanuel Kant's gjengjeldelsesperspektiv

Med tanke på problemet med gjengjeldingsperspektivet ovanfor, kan ein spørje seg om gjengjeldingsstraffa kan stamme frå noko anna enn hemn viss gjengjelding ikkje er fundamentelt? Den kjende filosofen Immanuel Kant har eit gjengjeldingsperspektivet på dødsstraff som ikkje stammar frå hemnkjensla, men blir grunna av forbrytinga sjølv. Perspektivet går altså ut på at når ein forbrytar utfører ei ulovleg handling utfører han eigentleg forbrytinga mot seg sjølv, sidan han er ein del av ein større eining, eit samfunn. Samfunnet har rettferd som sin bærekraft. Når eit lovbrøt blir utført skjer det altså ei forstyrring av rettferda. Det skjer også då ei forstyrring i bærebjelken i samfunnet som nemleg er rettferd. For at denne forstyrringa skal reparerast må forbrytarene gjengjelde for den skaden han har påført.³⁷ Staten er ifølge Kant den einaste instans som kan "sørge for at likheten mellom partene blir demonstrert, at proporsjonaliteten mellom forbrytelsen og straff blir tydelig og at den hellige rettsorden blir brakt i harmoni igjen ved gjengjeldelse"³⁸. Kant understrekar også at straffa bør være mest mogleg lik den smerte forbrytinga har

³⁶ <http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

³⁷ Menneske og straff, Paul-Leer Salvesen, Universitetsforlaget AS, Oslo 1991, s. 223-229

³⁸ Salvesen, 1991, s. 227

påført. Ut i frå dette blir dødsstraffa under rettsoppgjæret berre rettferdiggjort av Kant sitt perspektiv viss den dødsdømte forbrytaren var dømd for drap.

Menneskeverdsperspektivet

Mange av motstandarane mot dødsstraffa brukte menneskeverdet som argument. Dette argumentet blei som vi tidlegare har sett nytta av fleire og fleire av stortingsrepresentantane ettersom tida gjekk etter frigjeringa. Kritkarane spør så om dette er eit tilstrekkelig motargument mot å ikkje nytte dødsstraff. Menneskeverd, verdigheit og liknande verdiar kan nemleg kome i konflikt med sterkare plikter og dette kan føre til eit moralsk dilemma meiner kritkarane. Vidare seier kritkarane at når det kjem til gjengjelding er nettopp dette ein plikt som utkonkurrerar andre plikter som for eksempel å ta vare på den kriminelle sin verdigheit. På grunnlag av dette kan dødsstraffa rettferdiggjeraast meiner kritkarane.³⁹

Perspektivet om det heilage liv

Vi såg også tidlegare at kyrkja var delt i synet på gjeninnføringa av dødsstraff. Den enkeltes kristne syn hadde då truleg bakgrunn i kvar sin tolking av Bibelen og måten ein forstod dei religiøse etiske retningslinjene som var gitt der.

I Bibelen finn ein læra om det heilage liv. I denne læra står det ikkje direkte at ein ikkje skal ta liv, men mange vil likevel forstå orda "livets helligheit" som forbod mot å ta liv uansett. På den andre sida har mange kristne tolka desse orda som at det ikkje er lov å ta uskulde liv. Den som tar eit uskuldig liv må difor straffast med dødsstraff for å respektere det heilage liv.⁴⁰ Gjennom denne tolkinga blir difor det å dødsdømme forbrytarar som har teke eit uskuldig menneskeliv rettferdiggjort. I tillegg til tolkinga om det heilage liv har vi også det femte bod: "Du skal ikkje slå i hel"⁴¹. Dette bodet bidrog nok også til at mange kristne var imot dødsstraff.

Konklusjon

Avskaffinga av dødsstraff i fredstid i Norge i 1902 var eit resultat av auka framvekst og fokus på ulike etiske perspektiv i samfunnet som ikkje var foreinlege med

³⁹ <http://www.utm.edu/research/iep/c/capitalp.htm>, Dato: 30/4-08

⁴⁰ Torbjørn Tannsjø: Noen ganger skal man drepe, Pax forlag A/S, Oslo 2007, s.138-158

⁴¹ Moses' steintavler ☺

dødsstraff som straffemetode. Då Norge blei okkupert i 1940 endra dette synet seg brått hjå mange av samfunnsborgarane og enda med ei gjeninnføring av dødsstraffa i Norge. Vi skjønner med dette at okkupasjonen rysta mange i befolkninga og at dette førte til ei endring i synet på dødsstraffa hjå mange. Mange opplevde truleg vonde situasjonar som gjorde at dødsstraff virka som det mest rettferdige. Truleg har hemnlysta råda, i tillegg til kjensler som rådlauseheit og svik. Desse sterke kjenslene som var i sving under og etter okkupasjonen har truleg danna mykje av grunnlaget for gjeninnføringa av dødsstraffa. Denne samanhengen mellom kjensler og synet på dødsstraff ser ein også vidare i prosessen mot den endelege avskaffinga av dødsstraffa i fredstid i 1950. Utover perioden frå 1945-50 såg vi at fleire og fleire både på Stortinget og elles i samfunnet gradvis byrja å vinne attende fatninga. Gradvis opna ein opp for å høyre på dei ihuga prinsipielle motstandarane av dødsstraffa som hadde kjempa hardt under heile perioden for å få resten av samfunnet til å opne augo. Kjenslene etter krigen byrja å kjølne og ein byrja å tenkje klart. Domstolane benåda etter kvart mange av dei som var dømde til døden og motstanden mot dødsstraffa byrja å reise seg og veks heilt fram til den endelege avskaffinga. Rettsoppgjæret var på mange måtar ei vandring i mørkre på ukjend veg for det norske samfunnet. Mange vil nok seie at dødsstraffa var ein blindveg som samfunnet forvilla seg inn på. Dette synet blir på mange måtar bekrefta i og med Norge si ratifisering av internasjonale avtalar mot dødsstraff. Med dette har Norge truleg drege lærdom av sine feil og danna seg eit kart for eventuelle framtidige liknande vandringar.

Litteraturliste

Lars Erik Vaale, Dommen til døden, Døsstraffen i Norge 1945-50, Pax Forlag A/S, Oslo 2004

Kunnskapsforlaget, H.Aschehoug & Co (W.Nygaard) A/S og A/S Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, 3. utgave , bind 4

Torbjørn Tannsjø: Noen ganger skal man drepe, Pax forlag A/S, Oslo 2007

Johs. Andenæs: De vanskelige oppgjøret, Oslo 1998

Hans Fredrik Dahl og Øystein Sørensen (red.): *Et Rettferdig oppgjør? : rettsoppgjøret i Norge etter 1945*, Oslo 2004

www.norgeslexi.com

www.media.uio.no

<http://www.utm.edu/research/iep/>, Redaktører: James Fieser og Bradley Downden, 2008

Paul-Leer Salvesen, Menneske og straff, Universitetsforlaget AS, Oslo 1991

May-Brith Ohman Nielsen, Bondekamp om markedsrett, Senterpartiets historie 1920-1959, Det norske samlaget, Oslo 2001